



### Årsmelding for år 2014.

Årsmøtet vart halde hjå Jan Sparstad søndag 23. februar 2014.

Desse var til stades frå styret:

Ivar Hemsing, Erlend Eggen, Jan Sparstad og Oddbjørn Skeie.

Andre som var til stades var Bjørg Berge og Knut Haalien.

#### Val av nytt styre:

Leiar:	Ivar Hemsing
Styremedlem:	Erlend Eggen (ikkje på val)
Skrivar	Oddbjørn Skeie (gjenvæl)
Kasserar	Jan Sparstad (gjenvæl)
Ungdomsrepresentant	Anneli Tørstad (ikkje på val)

Revisorar:	Nils Leine og Inger Sørum
Valnemnd:	Bjørg Berge (ikkje på val)
	Andris Kvam (ny)

**Medlemstal** pr. 31.12.2013: 42 stk.                      Lagets eige: kr 44 377,-

**Om instrumenta i laget:** I 2011 vart det kjøpt nye boger og ryggsekkar/skrin til å ha på ryggen til tre hardingfeler.

**I laget sitt eige:** Ein langeleik (er hos Jan Sparstad)  
Fire hardingfeler:  
- Hardingfeler med boge og skrin - ikkje utleigd. På Åsvang.  
- Hardingfeler med boge – Jørgen A. Kvam  
- Hardingfeler med boge og skrin – Sigrid Daae Mæland  
- Hardingfele med boge og skrin. («Grihamarfela») – Ida Østvold  
Tre mindre, ”flatfeler”.  
Ein kontrabass  
Etter Rockeverkstad i Thorpe: Ein mixar, div stativ, mikrofonar, kablar og to høgtalarar. (Vart henta til Åsvang i 2012)  
Her er det mange gode mikrofonar og mikrofonstativ

**Satsane for utleige av instrument: kr. 350,00 pr. halvår.**

**Styremøte:** Styret har hatt eit møte i tillegg til årsmøtet. Mykje aktivitet er også blitt organisert med epost og telefonar.

**Kappleikar:****Valdreskappleiken:**

Vestre Slidre folkemusikk- og danselag var arrangør. Felegruppa spelte til dans på Valdreskappleiken. Ole Kristian Leithe spela torader på konserten, og vann si klasse med 115 poeng. Jørgen Andrisson Kvam spela hardingfele (4.plass 81 poeng) og munnharpe (4.plass 76 poeng). Oddbjørn Skeie spelte i hardingfele B til femte plass (82 poeng). Tora Skavhaug Vik fekk andre plass i dans A (105 poeng) med Stian Roland. Inger Wangensteen og Helge Rønningen markerte seg positivt i rundanstevlinga på kvelden.

**Landskappleiken:**

Landskappleiken var i år på Geilo. Sivert Holmen og Tora Skavhaug Vik kom på andre plass i dans hardingfele klasse A. Jørgen Andrisson Kvam på 14.plass i Hardingfele klasse C. Her var og eit samarbeid med Vestre Slidre spel og dansarlag, her deltok Ingrid Skavhaug.

**Landsfestivalen for gamaldans på Løten 17.-21.juli:**

Her deltok Ivar Hemsing og Ragnhild Tønsager i dans.

**Jørn Hilme-stemnet:**

Jørgen Andrisson Kvam fekk 2.plass i Hardingfele klasse C og 1. plass i munnharpe junior. Tora Skavhaug Vik kom på sjette plass i dans hardingfele A, ho dansa saman med Sivert Holmen.

Også dette året hadde Valdreskvelven ansvaret for gjennomføring av kappleiken.

Tevlingsleiar var Oddbjørn Skeie, Ingrid Skavhaug og Ivar Hemsing var konferansierar, og Kari Hagaseth hadde oppgåva med premiar og premieutdeling. Kjellbjørn Karsrud hadde ansvaret for dommarane. Saman med mange frivillige frå laget gjorde alle ein framifrå innsats. For dugnadsinnsatsen fekk vi kr 7000,- av Valdres folkemusikk arr AS.

**Strunkeveko:**

Anne Heidi Kvam Hillestad var med på dans/drama.

**Årsmøte Valdres folkemusikklag.** Ivar Hemsing representerte laget her.

**Årsmøte FolkOrg:** Ingen deltok her.

**Vangsleik :**

Vangsleiken starta denne laurdagen med springarkurs kl 16.30. Her var det om to deltakarar. Ivar Hemsing var instruktør.

18.00 Var det kappleik. Dei som var med var desse: Jan Sparstad, Oddbjørn Skeie, Alistair Peters, Torjus, Thias og Tom Kjetil Tørstad, Ivar Hemsing, Bjørg Berge, Marit Steinsrud og Stein Villa. Bjørg Berge vann hovudpremieie som var ein billett for to stykker på valfri dag på Hemsingfestivalen.

Kl 19.30 var det konsert med Kammersmusikk, som består av Marit Steinsrud og Stein Villa. Kammersmusikk er navna på deira CD som vart gjeve ut dette året. Her kunne me høyre meolodiar mellom anna etter Andris Vang. Instrumentering var langeleik gitarar, trekkspel, fele med meir.

Kl 21.00 var det dans med felegruppa til Valdreskvelven, Marit Steinsrud og Stein Villa og Tom Kjetil Tørstad.

Bilder frå kvelden:



### **Sylvknappen:**

Ingen fekk sylvknappen dette året.

### **Aktivitetar:**

#### **Fele**

Felegruppa har vore litt mindre aktiv i år. Har vore ein del øvingar i samarbeid med Vestre Slidre spel- og dansarlag. Desse har vore på biblioteket i Slidre, eller heime hjå ein av dei som er med.

#### **Trekkspel / Toradar / Kontrabass**

Tørstad har også ofte spela til dans rundt om i Valdres. Ikkje faste øvingar i regi av Valdreskvelven.

#### **Langeleik**

Ein elev går i Kulturskulen og har Bjørg Berge som lærar. Dei vaksne har framleis ikkje kome i gang med felles speling.

#### **Dans**

Valdreskvelven har denne hausten starta opp med dans og runddans på måndagskveldane på Åsvang. Dette har vore eit bra tiltak, og har hatt bra oppmøte. Her vil vi takke Frivilligsentralen godt samarbeid. Me har og vore invitert til Vestre Slidre folkemusikk og danselag på dansekveldar. Her har me vore med både dansarar og felespelarar. Det har og vore eit samarbeid mellom Valdreskvelven og Vang kulturskule, der Jan Beitohaugen Granli har vore lærar på lausdans. Kurset var like etter skuleslutt, og det har vore tre deltakarar med.

#### **Aktivitetslogg:**

Felegruppa spela på rakfiskfesten på Kvamshall laurdag 30.november.

Kurs i spel på hardingfelespel med Laura Ellestad og Geir Harald Fodnes i Vestre Slidre på våren 2014. Igjen vil vi trekke fram, at i tillegg til dei aktivitetane som er nemnd, deltek medlemma i laget på forskjellige måtar; spelar til underhaldning, held kurs, er dommarar, køyrer, er publikum, organiserar og stiller som vaktar på dei store arrangementa i Valdres folkemusikklag, for å nemne noko. All deltaking er av det gode, så tusen takk til alle.

Vang i Valdres, 15.02.2015

---

Oddbjørn Skeie  
Skrivar

---

Ivar Hemsing  
Leiar